



Arkivsaknr: 2024/10764-5
Sakshandsamar: Tove Mette Arnø Fyllingen
Avdeling: Politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Politisk møteplan 2027

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Utval for levekår	
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Utval for areal, plan og miljø	
	Administrasjonsutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Politisk møteplan for 2027 vert vedteke som den ligg føre til saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet, ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, utval for levekår, utval for næring, kultur og idrett og utval for areal, plan og miljø

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Kva saka gjeld:

- Kommunestyret i Alver skal vedta politisk møteplan for det komande kalenderåret, denne gong for 2027.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

I kommunelova § 11-2, står det at møter i folkevalde organ skal haldast om eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

- a. Organet sjølv, kommunestyre eller fylkesting vedtar det
- b. Organet sin leiar meiner det er naudsynt
- c. Minst 1/3 av medlemmane krev det.

I denne saka blir det lagt fram ein heilskapleg møteplan for 2027 som kommunestyret skal vedta. Møteplanen gjeld for følgjande råd og utval:

- Kommunestyret (KO)
- Formannskapet (FO)
- Valstyret (VALS)
- Utval for areal, plan og miljø (APM)
- Utval for levkår (LEV)
- Utval for næring, kultur og idrett (NKI)
- Administrasjonsutvalet (ADM)
- Eldreråd (ER)
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF)
- Ungdomsrådet (UR)

Vurdering:

Den politiske møteplanen for 2027 er lagt opp på følgjande måte:

- Møter i utval og råd er samla i same veke og kommunestyret er lagt to veker etterpå. Det gjer at saker frå utval og råd kjem i det etterfølgjande kommunestyremøtet.
- Møta i råda er lagt på måndagar, møta i alle utval er lagt opp frå tysdag til torsdag, då mange av partia har gruppemøte på måndagar.
- På grunn av stor saksmengde er det lagt opp til eit ekstra møte i utval for areal, plan og miljø (APM) i januar.
- Det er kommunestyre- og fylkestingsval i 2027. Møta i valstyret (VALS) er lagt inn i planen.

Kommunedirektøren legg til grunn at kontrollutvalet utarbeider eigen møteplan.

Om møteplan:

I framlegget er nokre av møta same dag som møta i Vestland fylkeskommune. To av kommunestyremøta vert 3 veker etter utvalsmøta. Dette gjeld:

- 27.01.2027 administrasjonsutval og utval for areal, plan og miljø. På fylket er det digitalt møte i utval for kultur, idrett og inkludering.

- 09.03.-11.03. møter i utval og formannskap Det er fylkesutvalsmøte 9.mars, HUV samferdsel og mobilitet og HUV for næring 10.mars, HUV for kultur, idrett og inkludering og HUV for opplæring og kompetanse 11.mars. Alle møtene er digitale.
- 01.04.2027 kommunestyremøte 3 uker etter utvalsmøta grunna påske
- 13.05.2027 kommunestyremøte 3 uker etter utvalsmøta grunna kr.himmelf.
- 16.06.2026 kommunestyremøte/strategisamling, møte fylkesting.
- 30.09.2027 formannskapsmøte, fylkesutvalsmøte.
- 30.11.2027 utval for levekår og utval for næring, kultur og idrett, fylkesutvalsmøte.
- 01.12.2027 administrasjonsutval og utval for areal, plan og miljø, fylkesutvalsmøte

Vedlegg

- 1 Framlegg politisk møteplan 2027